

Agenda møte rådgjevande organ 8.juni

Desse møtte: Randi Kvinge, Per Ole Ekker, Ivar Hopland, Birthe Bjørstad.

Fråfall: Gina Blomberg

Referent: Birthe Bjørstad

Saker:

1. Status for Alver frivilligsentralar
2. Status for rådgjevande organ
 - Avklaring av roller
 - Møtefrekvens
 - Kven bør vere representert i organet?
3. Oppdatering frivilligstrategi
4. Innspel om frivilligdag frå Kulturrådet

Referat:

1. Status for Alver frivilligsentralar

Det vart orientert om prosjekt som frivilligsentralane er involvert i, mellom anna eit mogleg forskningsprosjekt med Høgskulen Vestlandet om eldre, einsemd og aktivitet med særskilt fokus på Knarvik som ein 'konstruert' stad for auka andel av seniorinnbyggjarar. Søknaden er sendt inn og det er venta svar utpå hausten.

Per Ole pensjonerer seg og det blir ei endring for frivilligsentralane etter så mange år! Det er for tida 5 stillingar i eininga vår, og tre av dei er knytt til drifta av dei tre frivilligsentralar og det pålagte kravet om 100% stillingsressurs pr. sentral. Ut over dette har vi to andre stillingar som er retta mot inkludering. Dette er stillingar som vert vurdert årleg saman med integreringstenesta. Marit går også ut i fødselpermisjon. Vi har for tida utlyst eit 100% vikariat ut juni 2027.

Ønske om skape aktivitet i Tinghuset på Lindås og flytting av Manger frivilligsentral vert sentralt til hausten. Her vil vi arbeide for å invitere og involvere frivilligheita med og håpar å få til nye aktivitetar og møtestadar. Vi håpar at rådgjevande organ sine representantar vil hjelpe oss med å nå ut til frivilligheita når vi er klare med dette.

2. Rådgjevande organ

Rådgjevande organ er eit organ som er nedfelt i lovverket for tilskotet til frivilligsentralane. Alver kommune får opp mot 500 000 pr. sentral, men må oppfylle og rapportere til Kulturdepartementet i henhold til dette: [Forskrift om tilskudd til frivilligsentraler - Lovdata](#).

Om rådgjevande organ står det følgande, sjå utklipp frå lovdata til høgre. Medlemmane av rådgjevande organ er difor med fordi dei representerer frivilligeheita og at dei skal ha moglegheit til å påverke drifta av frivilligsentralane og for å ha innsyn i korleis kommunen driv frivilligsentralane.

Så vil det i andre saker også vere naturleg for

frivilligsentralane å rådføre seg med særleg idrettsråd og kulturråd, men vi gjer merksam på at då ikkje alltid er i rolla som rådgjevande organ frivilligsentralane spør. Her må vi hjelpe kvarandre med å skilje mellom hattane 😊

Kven skal sitje i rådgjevande organ? Det er ønskeleg å få inn ein representant frå helserelatert frivilligheit, sidan Randi er tilsett i kommunen. Eit forslag er å invitere helserelaterte lag/org til å velge seg ein representant som kan vere med å rådgjevande organ. Det kan òg vurderast at råd for menneske med nedsett funksjonsevne kan utpeike ein person som representerer helserelaterte frivilligheit. Dette tek vi ei bestemming på til hausten.

Møtefrekvens: Halvårleg, med opning for ekstra innkalling dersom det dukkar opp særskilt aktuelle saker.

3. Status frivilligstrategi:

Innspelsmøter, medverknad og gjestebod er nesten ferdig unnagjort, held no på med sortering og rydding av innspel. Neste steg er å starte skrivinga og opprette grunnstruktur for strategien. De får ny oppdatering i august.

4. Innspel om frivilligdag frå Kulturrådet.

72

Søk med opp til fem søkeord eller skriv lengre for å gjøre et frisk

§ 6. Krav til søknaden

Følgende skal bekreftes i kommunens søknad om tilskudd:

- at frivilligsentraler som mottar tilskudd oppfyller kravene i § 7
- at kommunen har involvert frivillig sektor jf. § 3.

§ 7. Krav til frivilligsentralen

For å kunne motta tilskudd via kommunen må frivilligsentralen:

- drive virksomhet i samsvar med formålet i forskriftens § 1, tilpasset lokale forutsetninger og behov
- være eid og driftet av enten en kommune, en virksomhet i Frivillighetsregisteret, et samvirkeforetak der samtlige medlemmer er kommuner og/eller virksomheter i Frivillighetsregisteret, eller en kombinasjon av de nevnte
- ha et rådgivende organ som kan påvirke drifta av frivilligsentralen, der frivilligheten er representert
- ha eget regnskap og årsrapport
- ha tilgang på fysiske lokaler
- ha minst ett årsverk, som hovedregel én person i 100 prosent stilling
- ha lokal finansiering tilsvarende minst 40 % av frivilligsentralens totale driftsinntekter
- benytte ordet «frivilligsentral» eller likelydende i frivilligsentralens navn.

Alver Kulturråd har planer om å skipa til ein amatør kulturkveld til hausten og ser for seg å samle eldsjeler ,lag og organisasjonar innan kulturlivet i Alver Kommune. Hovedmål med samlinga vil være å framsnakke frivilligheita og kulturlivet i kommunen vår.

Frivilligsentralane vil gjerne med å arrangere noko slikt, og det er greitt at vi uansett koordinerer slike dagar, sidan frivilligsentralane og kulturrådet her fort kan legge opp til arrangement som liknar kvarandre. Det vart diskutert om dette skulle vere ein del av Nynorskdagane, men vi kom fram til det nok ikkje var ei heilt naturleg kopling sidan det ikkje er begrensa kun til språk og kultur i henhold til Nynorskdagane sitt formål.

Neste møte i september/oktober. Birthe kallar inn.